

KOMMISJONSVEDTAK

av 22. april 1996

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av felleksskapsmiljømerket til sengetøy og T-skjorter(*)

(96/304/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLEKSKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske felleksskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en felleksskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av felleksskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er skipa i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 -

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Miljøkriteria omfattar følgjande produktgrupper:

- a) «sengetøy», dvs. laken, putevar, sengeforheng så vel som dyne- og vatteppetrek som kan takast av og vaskast, og
- b) T-skjorter.

Utfærdet i Brussel, 22. april 1996.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

I alle tilfella må fibrane i det ferdige stoffet vere 100 % bomull eller ei blanding av bomull og polyester.

Sengetøy kan vere utstyrt med knappar eller lukkemekanisar av eit anna materiale.

T-skjorter er strikka ytterplagg med rund hals utan pynt og med korte eller lange ermar. Dei kan ha broderi og trykk, bortsett frå plastisol-basert trykk. Berre sytråd kan nyttast til broderi. T-skjorter må vere meinte for sal direkte til forbrukaren utan endringar.

Artikkel 2

Innverknaden på miljøet og dugleiken til dei produktgruppene som er definerte i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljø- og dugleikskriteria som er oppførde i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppene skal gjelde i tre år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppene tildelt kodenummeret «010».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 116 av 11.5.1996, s. 30, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 67/96 av 27. november 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Felleksskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 99 av 11.4.1992, s. 1.

VEDLEGG

For at produktet skal kunne tildelast miljømerket, må kriteria nedanfor vere stetta, med mindre noko anna er nemnt, og slik det høver for den aktuelle fiberen. Kriteria skal prøvast etter dei metodane som det er gjort greie for i tillegget. Dersom det ikkje er fastsett noka prøve, bør dei ansvarlege organa leggje til grunn fråsegner, eigna dokumentasjon og/eller resultat frå uavhengige kontrollar, alt etter kva som høver best.

Funksjonell eining

Den funksjonelle eininga som stoffmengda og produktmengda bør setjast i høve til, er:

1 kg tekstil ved standardtilhøva for tekstilar (65 % relativ fukt \pm 2 % og 20 °C \pm 2 °C) i det ferdige stoffet før tilskjering (standardtilhøva er fastsette i ISO 139 Tekstilvarer. Standardklimaer til kondisjonering og prøving).

A. MILJØKRITERIUM

RÅSTOFF

1. Bomull

Bomullsgarn må ikkje innehalde restar av dei aktive plantefarmasøytiske stoffa som er nemnde i vedlegget til direktiv 79/177/EØF⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 91/188/EØF⁽²⁾, og heller ikkje restar av aktive plantefarmasøytiske stoff som etter rådsdirektiv 91/414/EØF⁽³⁾ ikkje er godkjende for produksjon av bomull i medlemsstatane i Det europeiske fællesskapet.

Prøving av bomullsgarn skal utførast fire gonger i året og skal minst omfatte aldrin, captafol, kamfeklor, klordan, DDT, dieldrin, endrin, heptaklor, heksaklorobenzon og 2,4,5-T. Garn som inneheld minst 50 % bomull som påviseleg er framstilt etter ein økologisk metode som stettar krava til produksjon og kontroll i rådsforordning (EØF) nr. 2092/91⁽⁴⁾, skal prøvast éin gong i året. Det er ingen krav til prøving av 100 % økologisk framstilt bomull som er framstilt og kontrollert i samsvar med forordning (EØF) nr. 2092/91.

2. Utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) ved produksjon av polyester

Utsleppet av VOC under polymerisering av polyester må ikkje overstige 1,2 g VOC per kg framstilt polyesterharpiks.

3. Restar av antimon i polyesterfibrar

Innhaldet av antimon i polyesterfibrane må ikkje overstige 300 ppm.

4. PCP

Pentaklorfenol (PCP) og salt og ester av det må ikkje nyttast i levetida til produktet før det vert teke i bruk. Prøving skal utførast fire gonger i året.

VEVING

5. Bindemiddel

Bindemiddelet må anten kunne attvinnast eller vere lett å bryte ned biologisk. Attvinningsgraden må vere på 75 %.

⁽¹⁾ TEF nr. L 33 av 8.2.1979, s. 36.

⁽²⁾ TEF nr. L 92 av 13.4.1991, s. 42.

⁽³⁾ TEF nr. L 230 av 19.8.1991, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF nr. L 198 av 22.7.1991, s. 1.

VÅTHANDSAMING

FØREHANDSAMING - VASKING, BLAUTGJERING OG BLEIKING

6. **Vaskemiddel, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar**

Det må ikkje nyttast alkylfenoletoksydat (APEO), bis(hydrogenert talg- alkyl)dimetylammoniumklorid (DTDMAC), distearyldimetylammoniumklorid (DSDMAC), di(herda talg)dimetylammoniumklorid (DHTDMAC), nitrilotri-eddiksyre (NTA) eller etylendiamintetraacetat (EDTA).

7. **Bleikjemiddel**

Generelt må avgjevinga av AOX i blanda spillvatn frå bleiking vere mindre enn 40 mg per funksjonell eining. Når det gjeld ømtolige stoff (polymeriseringsgrad på under 1800) for framstilling av kvite sluttprodukt, må avgjevinga av AOX vere mindre enn 100 mg per funksjonell eining.

FARGING OG ETTERHANDSAMING

8. **Fargestoff, pigment og berestoff**

- a) Innhaldet av ureinande metallion i fargestoff må ikkje overstige følgjande verdiar (i ppm) for desse metallar:

	ppm
Arsen	50
Kadmium	20
Krom	100
Kopar	250
Kvikksølv	4
Nikkel	200
Bly	100
Antimon	50
Tinn	250
Sink	1 500

- b) Innholdet av ureinande metallion i pigment må ikkje overstige følgjande verdiar (i ppm) for desse metalla:

	ppm
Arsen	250
Kadmium	50
Krom	100
Kvikksølv	25
Bly	100
Antimon	250
Sink	1 000

- c) Det må ikkje nyttast metallkompleksfargestoff som er baserte på følgjande metall: arsen, kadmium, krom, kvikksølv, nikkel, bly, antimon, tinn, sink, kopar. Kopar kan likevel nyttast i strikkevarer.
- d) Det må ikkje nyttast metallkomplekspigment som er baserte på følgjande metall: arsen, kadmium, krom, kvikksølv, nikkel, bly, antimon, tinn, sink. Eit maksimalt koparinnhald på 4,5 % er tillate.
- e) Det må ikkje nyttast fargestoff som kan frigjere eller spaltast til kreftframkallande aromatiske amin, eller som sjølv er klassifiserte som kreftframkallande stoff i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 94/69/EØF⁽²⁾, og med rådsdirektiv 88/379/EØF⁽³⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 93/18/EØF⁽⁴⁾.
- f) Det må ikkje nyttast berestoff som inneheld klor eller andre halogen.

9. Trykking

Kjemiske produkt eller trykkpastaer som inneheld meir enn 5 % VOC, må ikkje nyttast ved trykking. Det er ikkje tillate å nytte VOC utover dette.

10. Etterhandsaming

Innhaldet av fritt og delvis hydrolyserbart formaldehyd i det ferdige stoffet må ikkje overstige 30 ppm i produkt for spedborn og 75 ppm i andre produkt.

SPILLVATN FRÅ VÅTHANDSAMING

11. Handsaming av spillvatn

Spillvatn frå våthandsaming må handsamast anten i produksjonsanlegget eller ved eit reinseanlegg. Ved handsaming i produksjonsanlegget må utslepp i overflatevatn liggje innanfor følgjande grenseverdiar: pH-verdi 6,5-9 og $t^{\circ} < 30^{\circ} \text{C}$ (dersom dei naturlege tilhøva gjer det mogleg).

12. Utslepp av organiske stoff i vatn

Det kjemiske oksygenforbruket (KOF) i utslepp av spillvatn frå våthandsaming skal vere mindre enn 25 g per funksjonell eining etter handsaminga.

⁽¹⁾ TEF nr. L 196 av 16.8.1967, s. 1.

⁽²⁾ TEF nr. L 381 av 31.12.1994, s. 1.

⁽³⁾ TEF nr. L 187 av 16.7.1988, s. 14.

⁽⁴⁾ TEF nr. L 104 av 21.4.1993, s. 46.

B. DUGLEIKSKRITERIUM**1. Fysiske og mekaniske eigenskapar**

- a) *Motstandsstyrke ved vask for etterhandsaming som gjer tekstilar lettstelte eller gjev dei varig form (gjeld berre tekstilprodukt som går under nemninga «lettstelt», «strykefri», «varig press» el.l.)*

Nivå/grenseverdi: Minst DP3

- b) *Dimensjonsendringar*

Nivå/grenseverdi: Strikkevarer: 6 % i lengde og breidde (T-skjorter)
Vovne varer: 5 % i renning og innslag (sengetøy)

2. Fargeektleik

- a) *Vasking*

Nivå/grenseverdi: Fargeendring: 3-4
Avfarging: 3-4

For produkt med både lyse og mørke fargar bør det utførast ein tilleggsprøve.

Nivå/grenseverdi: Endringar i utsjånad bør påvisast ved å samanlikne med ei uvaska prøve.
Fargeendring: 3-4
Innbyrdes avfarging: 3-4

- b) *Sveitte*

Nivå/grenseverdi: Fargeendring og avfarging: 3-4

- c) *Våt og tørr gniding*

Nivå/grenseverdi: Tørr gniding 4 og våt gniding 2-3

- d) *Lys*

Nivå/grenseverdi: 4

Produkt av ubleikte og ufarga fibrar treng ikkje stette kriteria for fargeektleik, men forbrukaren skal ha opplysningar om avvik i fargeektleiken.

Tillegg

METODAR FOR PRØVING AV KRITERIUM

A. MILJØKRITERIUM*Kriterium 1*

Prøvmingsmetodar: US EPA 8081 «Organochlorine pesticides and PCBs as arochlors by gas chromatography: capillary column technique», US EPA 8141 A «Organophosphorus compounds by gas chromatography: capillary column technique» og US EPA 8151 «Chlorinated herbicides by GC using methylation or pentafluorobenzoylation derivatization: capillary column technique». Eventuelle positive resultat skal stadfestast etter metoden US EPA 8270 «Semivolatile organic compounds by gas chromatography/mass spectrometry (GC/MS). Capillary column technology».

Prøving av garnet som er nytta til framstilling av produktet, før våthandsaming. Innhaldet av kvart plantevernmiddel og av kvart innhaustingslettande kjemisk stoff som er oppført under kriterium 1, må ikkje overstige 0,05 mg per kg garn (dersom prøvmingsmetoden er følsam nok).

Kriterium 2

Prøvmingsmetode: EPA-prøvetakingsmetodar for stasjonære kjelder, 25 A.

I denne samanhengen er VOC definert som ei organisk sambinding som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsevne under dei særskilde brukstilhøva, og som vert nytta åleine eller saman med andre agensar for å løyse opp råstoff, produkt eller avfallsstoff, eller som vert nytta som eit reingjeringsmiddel for å løyse opp ureinande stoff eller som eit løysemiddel, eit spreingsmedium, ein viskositetsregulator, ein overflatespenningsregulator, ein mjuknar eller eit konserveringsmiddel.

Kriterium 3

Prøvmingsmetode: Direkte fastsetjing (ved AAS eller tilsvarande metode) av det totale innhaldet av metall i fibrane.

Kriterium 4

Prøvmingsmetode: Gasskromatografi med elektroninnfangingsdetektor. Prøving av det ubleikte stoffet før våthandsaming og av sluttproduktet. Innhaldet av pentaklorfenol må ikkje overstige 0,05 mg per kg fiber.

Kriterium 5

Prøvmingsmetode: OECD 301 A-F, prøving av evna til snøgg biologisk nedbryting.

Kriterium 7

Prøvmingsmetode: Dersom det ikkje vert nytta bleikjemiddel som inneheld klor eller klorsambindingar, er det ikkje naudsynt å måle AOX. Dersom det vert nytta klor eller klorsambindingar, skal AOX målast etter ISO 9562-metoden.

Kriterium 8 (f)

Prøvmingsmetode: (Når det ikkje ligg føre noka fråsegn om at han ikkje skal nyttast) DIN 38 409-8.

Kriterium 10

Prøvmingsmetode: Den japanske metoden «Law 112».

Kriterium 12

Prøvmingsmetode: ISO 6060 «Water quality: Determination of the chemical oxygen demand».

B. DUGLEIKSKRITERIUM*Kriterium 1 (a)*

Prøvmingsmetode: ISO 7768 «Appearance of easy care and durable press fabrics after domestic washing and drying».

Kriterium 1 (b)

Prøvmingsmetode: ISO 5077 «Determination of dimensional change in washing and drying». For ISO 5077, tre vaskar og tørking tre gonger i tørketrommel. Temperaturen for vasking og tørking skal vere i samsvar med tilvisingane frå produsenten.

Kriterium 2 (a)

Prøvmingsmetode: ISO 105-C06 «Colour fastness to domestic and commercial laundering».

For produkt med både lyse og mørke fargar skal den førnemnde standardvaskeprøven utfyllast med ein prøvevask av heile produktet, slik det er fastsett nedanfor.

Prøvmingsmetode: Vasking etter ISO 6330-metoden.

Kriterium 2 (b)

Prøvmingsmetode: ISO 105-E04 «Colour fastness to perspiration».

Kriterium 2 (c)

Prøvmingsmetode: ISO 105-X12 «Colour fastness to rubbing».

Kriterium 2 (d)

Prøvmingsmetode: ISO 105-B02 «Colour fastness to artificial light: Xenon arc fading lamp test».